



Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/412 - 20/40250

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
25.06.2020

Mellombels bruksløyve - gbnr 323/619 del av tomannsbustad BK18 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 670/20
Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: Tyark AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av tomannsbustad på BK 18 i Elvavegen på Frekhaug på gbnr 323/619 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: halvparten av tomannsbustad.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.10.2020.**
- 3. Det skal monterast byggjegjerde mot gjenstående bustad.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/608, datert 21.03.19 og endringsløyve av 15.01.20 i sak 20/412.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Mindre diverse overflatearbeid.

2. Innlevering av sluttrapport for avfallsplan med kvittering.
3. Innlevering av SOSI-data for VA-leidningar for Elvavegen.
4. Innlevering av dokumentasjon på at veg 0_KV_01 og veg f_KV08 er ferdigstilt.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: halvparten av tomannsbustad.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.10.2020.

Det vert elles vist til søknad mottaken 24.06.2020.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for resterande del av tiltaket.

Skildring

Adresse:	Elvavegen 81
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300736108
Bruksareal:	135,6 m ²
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere filgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/412

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4 5039

BERGEN

Mottakarar:

Tyark AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN